



Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
19/4-14

Arkiv
K2 - K40

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Dato
26.06.2019

Tildeling av fellingsløyve på rådyr og justering av kvote på elg - Årdal 2019

Kort samandrag:

Årdal bestandsplanområde har fått godkjent bestandsplan for hjort, elg og rådyr perioden 2019-2021. Bestandsplanen beskriver tildeling og planlagt felling. Opning for rådyrjakt vart vedteke etter at sak om tildeling av fellingsløyve på hjort og elg vart gjort. Denne saka er difor om tildeling av fellingsløyve på rådyr. Eit nytt vald for elg vart også godkjent etter at saka om tildeling av elgløyve vart vedteken. I denne saka vert det også handsama tildeling av elgløyve for Fardalen-valdet.

Vedtak:

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Årdal kommune følgjande fellingsløyve på rådyr, samt løyve på elg til Fardalen elgvald:

- Rådyr: 13 fellingsløyve fordelt på 6 vald.
- Elg: 2 fellingsløyve til Fardalen elgvald.

Saka er vurdert etter *Naturmangfoldlova*.

Vedlegg:

Løyvetildeling Årdal 2019 - rådyr

Løyvetildeling Årdal 2019 elg - med Fardalen

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Naturmangfoldlova

Saksutgreiing

Relevant saksutgreiing og vurdering er i hovudsak gjort i sak om godkjenning av bestandsplan for elg, hjort og rådyr i Årdal kommune i perioden 2019-2021 (sak 051/19) og i sak om opning for jakt på rådyr i Årdal kommune (sak 076/19). Her er *Naturmangfoldlovas* §§ 8-12 vurdert.

Vurdering

I sak 19/299-9 vart 6 vald godkjent for rådyrjakt i Årdal kommune. Eit vald vart også godkjent for elgjakt. Bestandsplanen for hjort, elg og rådyr beskriver ønska tildeling og felling av desse artane i perioden 2019-2021. Godkjent areal i rådyrvalda tilseier at det vert

totalt 13 fellingsløyve på rådyr i 2019 (sjå vedlegg for fordeling). Godkjenning av Fardalen elgvald utløysar 2 ekstra fellingsløyve på elg årleg. Total tildeling av fellingsløyve på elg i Årdal kommune vert då 12 årlege løyve (sjå vedlegg for fordeling).

Rådmannen tilrår at det vert tildelt følgjande fellingsløyve i Årdal kommune:

- Rådyr: 13 fellingsløyve fordelt på 6 vald.
- Elg: 2 fellingsløyve til Fardalen elgvald.